

# BACHELOROPPGÅVE

Fattigdom hjå barn med innvandrarbakgrunn

Poverty among children with an immigrant  
background

**Kandidatnummer 269**

Sosialt Arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Tal ord: 7926

19.05.2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## Abstract

Children with an immigrant background are overrepresented in poverty statistics in Norway. This study seeks to examine the poverty among the immigrant children. The research question is *What characterizes the development of socio-economic status of poor children with an immigrant background?* I have chosen the method literature review as an approach to answer the research question. The chosen subject has been extensively researched, which gives me good insight into the topic. The selected literature consists of both qualitative and quantitative studies, which gives me the opportunity to see both the big pictures and the individual factors. The perspective of poverty and the theories of habitus, social class and intersectionality have been used in the analysis of the results, and in the discussion of the research question.

One of the main findings of this study is that the immigrant background leads to both advantages and disadvantages that poor ethnic Norwegian children do not have. Through the study result show that factors that can be advantages in one situation can be disadvantages in another. The findings of this study indicate a need for further research that may affect the old stigma of the poor immigrant as a burden to society.

## Innhald

1.0 Innleiing .....	4
1.1 Tema .....	4
1.2 Problemstilling, omgrevsavklaring og avgrensingar .....	4
1.3 Førforståing .....	5
1.4 Oppgåva si oppbygging .....	6
2.0 Fattigdom: Omgrep og tilstandsbilete .....	6
2.1 Relativ fattigdom .....	6
2.2 Fattigdom i Norge .....	7
2.3 Fattige innvandrarar i Norge .....	8
2.4 Konsekvens av barnefattigdom .....	9
3.0 Teoretisk perspektiv .....	10
3.1 Interseksjonalitet .....	10
3.2 Klasse, habitus og «det sosiale rommet» .....	11
4.0 Metode .....	13
4.1 Grunngjeving for val av litteraturstudie .....	13
4.2 Søkeprosessen .....	13
4.3 Presentasjon og kritisk vurdering av litteratur .....	14
4.4 Analyse .....	17
5.0 Funn .....	17
5.1 Kva kjenneteiknar den sosioøkonomiske plasseringa i Norge? .....	17
5.2 Foreldra si involvering og betydninga av den .....	18
5.3 Dei unge sitt syn på skulen .....	19
6.0 Diskusjon/Drøfting .....	20
6.1 Kvifor kjem nokon seg ut av fattigdommen? .....	20
6.2 Kva gjer det utfordrande å komme seg ut av fattigdommen? .....	22
6.3 Eit kritisk blikk på studien .....	25
7.0 Avslutning .....	25
Referanseliste .....	27
Vedlegg 1 Utvida søkerlogg for bachelor .....	31
Vedlegg 2 Skjema for Kritisk vurdering av artiklane .....	35

Figurliste:

Figur 1: Personar 0-17 år i hushaldningar med vedvarande låginntekt etter landbakgrunn

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Tema

I Norge er det eit stort politisk fokus på å forhindre barnefattigdom, noko ein ser i regjeringa sin samarbeidsstrategi *Like muligheter i oppveksten* (Departementene, 2020). Samtidig opplever eg haldningar, både i samfunnet og blant politikarane, som rettar seg mot at innvandrarar får «for mykje» av staten. Blant anna politikaren Sylvi Listhaug er kjent for sine haldningar til innvandrarar, og i 2016 skal ho ha uttalt at ho er bekymra for velferdsstaten og at flyktningar må yte, ikkje berre nyte (Suvatne, 2016). Ein artikkel publisert av forskar og dagleg leiar i Human Rights Service, Rita Karlsen, peikar på innvandring som ikkje-berekraftig og problemskapande (Karlsen, 2021). Er det verkeleg slik at innvandrarane truar den norske velferdsstaten? Barn med innvandrarbakgrunn er overrepresentert i fattigdomsstatistikken, difor er det relevant å spørje seg om det kan vere ein systematisk skeivfordeling av moglegheiter i samfunnet. Tema i denne litteraturstudien rettar seg mot dei fattige barna med innvandrarbakgrunn, og deira moglegheiter i det norske samfunnet.

### 1.2 Problemstilling, omgrevsavklaring og avgrensinger

Ut ifrå tema har eg formulert problemstillinga *Kva kjenneteiknar utviklinga av sosioøkonomisk status hjå fattige barn med innvandrarbakgrunn?* Med denne problemstillinga ynskjer eg å finne ut kva moglegheit dei har til å kome seg ut av fattigdomen.

Med barn meiner eg i utgangspunktet alle under 18 år. Sidan problemstillinga handlar om utviklinga til barna, har eg inkludert studiar av unge vaksne som har vokse opp i fattigdom. Å leve i fattigdom i Norge vert definert som å leve under låginntektsgrensa over ein periode på minimum tre år. Det at eg avgrensar det til fattigdom i Norge, handlar om at fattigdom er eit relativt omgrep som vert tolka og opplevd ulikt frå samfunn til samfunn. Eg har heller ikkje god nok kunnskap om andre samfunn til å kunne seie noko om verken velferdsordninga, levekår, innvandringspopulasjonen eller fattigdomen der.

Sosioøkonomisk status kan også forståast som sosial klasse, men omgrepene presiserer i større grad at ein er opptatt av både det sosiale og det økonomiske (Tjernshaugen & Tjora, 2019). Ved å nytte omgrepene sosioøkonomisk status kan eg få fram korleis fattigdomen kan få konsekvensar på fleire områder enn det økonomiske.

I denne oppgåva nyttar eg Statistisk sentralbyrå (SSB) sin definisjon av barn med innvandrarbakgrunn. «Med innvandrarbakgrunn menes enten at barnet har innvandret til Norge, eller er født her i landet av foreldre som har innvandret» (Epland & Normann, 2020). Vidare vil eg presisere at denne definisjonen omfattar alle typar innvandrarar som til dømes flyktningar, asylsøkarar, migrantar, arbeid-, familie- og utdanningsinnvandrarar (Tønnessen, 2021). Denne oppgåva vert ikkje avgrensa med omsyn til verken levetid i Norge, grunn for migrasjon eller etnisitet. Eg vurderte om eg skulle avgrense oppgåva til fattige barn med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn, men då mykje av forskinga på feltet ikkje skil mellom dei ulike innvandringsgruppene, valte eg å ikkje gjere det. Eg vil understreke at studien handlar om dei fattige barna med innvandrarbakgrunn, og seinare i oppgåva syner eg eit oversyn over kor stor del av dei ulike innvandringsgruppene som er fattige.

### 1.3 Førforståing

Eg har erfaring frå praksis på eit NAV kontor, der tema fattigdom var aktuelt. Eg vart merksam på ulike faktorar som førte til fattigdom hjå sosialhjelpsbrukarane. Mange av brukarane var innvandrarar og eg opplevde fleire av desse som ressurssterke, men manglande språkkunnskap og/eller forståing av det norske samfunnet hindra dei i å skaffe seg løna arbeid. Dette fekk meg til å fundere på om det føreligg ein skeivfordeling av moglegheiter. Denne erfaringa er bakgrunn for val av tema. Observasjonane mine har ført til at eg har danna meg nokre tankar om kva eg kjem til å finne ut, allereie før eg starta å arbeide med denne studien. Slik Dalland (2020, s. 60) påpeikar vil eg prøve å vere bevisst på min eigen førforståing, slik at eg ikkje berre leitar etter det som kan bekrefte førforståinga, men også det som kan avkrefte den.

## 1.4 Oppgåva si oppbygging

Oppgåva startar med presentasjon av omgrepet fattigdom og av tilstandsbilde i Norge.

Vidare tek oppgåva føre seg teoretiske perspektiv som eg har funne nyttige til å belyse problemstillinga mi. Deretter vert det gjort greie for val av metode og søkeprosessen, samt ein presentasjon av litteraturen og dei analytiske verktøya. I den neste delen kjem ein presentasjon av funna, før dette vert drøfta i lys av dei teoretiske perspektiva. Avslutningsvis løftar eg mellom anna blikket mot kva mine funn kan bety for sosionomen.

## 2.0 Fattigdom: Omgrep og tilstandsblete

I denne delen skal eg først presentere omgrepet relativ fattigdom. Vidare skal eg beskrive kva som kjenneteiknar barnefattigdommen i Norge, barnefattigdom hjå innvandrarbarn og kva konsekvensar det å vekse opp i fattigdom kan ha. Kapittelet er bygd på fagbøker samt oppdatert statistikk om tema. Føremålet er å gi nødvendig bakgrunnsinformasjon slik at eg kan svare på problemstillinga.

### 2.1 Relativ fattigdom

Fattigdom er ikkje ein objektiv tilstand, der ein kan definere nokon som fattige ut ifrå bestemte inntektsnivå eller levekårssituasjonar (Fløtten et al., 2011, s. 11). Det er heller eit normativt omgrep som kan tolkast på mange ulike måtar (Fløtten et al., 2011, s. 8).

Omgrepet har ulik betydning frå eit samfunn til eit anna, men det kan også forståast ulikt innanfor eit samfunn (Fløtten et al., 2011, s. 11). Difor er det nødvendig å presisere kva type fattigdom ein snakkar om. Ein skil mellom absolutt fattigdom og relativ fattigdom. Absolutt fattigdom dreiar seg om at ein ikkje får dekka dei grunnleggande behova ein har for å overleve (Frønes & Strømme, 2018, s. 34). Ifølgje Forente Nasjoner (FN) lever 8,2 prosent av befolkninga i verden under grensa til absolutt fattigdom. Ein vert rekna for å leve i absolutt fattigdom dersom ein lever på mindre enn 1,90 dollar om dagen (Forente Nasjoner, 2020).

Peter Townsend var ein viktig kritikar av den absolutte fattigdomsdefinisjonen og han meinte at fattigdom måtte definerast i forhold til det samfunnet ein studerer (Fløtten et al., 2011, s. 12). Det å kunne overleve sosialt i det samfunnet ein lever i, er også eit omsyn ein må ta i definisjonen. Omgrepet relativ fattigdom omfattar nettopp denne samanlikninga med samfunnet ein lever i. Her vert ein definert som fattig ut ifrå kor mykje ein har i forhold

til resten av befolkninga (Frønes & Strømme, 2018, s. 35). Relativ fattigdom kan også beskrivast som relativ deprivasjon, det vil seie at ein manglar noko som samfunnet har bestemt er nødvendig, eller vanleg (Fløtten et al., 2011, s. 12). Eksempel på slike manglar er utstyr til sport, spelekonsoll, den nyaste telefonmodellen eller hytte på fjellet. Å definere fattigdom som relativt er det som er mest vanleg i nyare fattigdomsforskning, spesielt i den vestlege verden er det denne tolkinga som ligg til grunn (Fløtten et al., 2011, s. 13). I denne oppgåva nyttar eg tolkinga av fattigdom som relativt.

## 2.2 Fattigdom i Norge

Skytte (2019, s. 35) skriv at i Norge så lever dei aller fleste barn og unge under trygge og gode økonomiske kår, og låginntektsgruppa er liten samanlikna med resten av verden. I 2019 tilhørde 11,7 prosent av alle barn i Norge ein låginntektshusholdning. Dette tilsvrar om lag 115 000 barn (Epland & Normann, 2021). Over halvparten av desse er barn med innvandrarbakgrunn. Ser ein dette opp mot tal barn i Norge med innvandrarbakgrunn, utgjer det nesten 40 prosent (Epland & Normann, 2021). Vi kan då seie at det å vere barn med innvandrarbakgrunn er ein stor risikofaktor for å leve i ein låginntektshusholdning.

Fattigdommen i Norge er ikkje veldig synleg, dermed kan det være vanskeleg å forstå at det er så mange fattige barn i Norge. Sjølv om me snakkar om relativ fattigdom, kan utrekninga av barnefattigdom danne eit bilde som ikkje samsvarar med dei faktiske forholda.

Barnefattigdommen vert rekna ut ifrå husholdninga si samla inntekt etter skatt, over ein periode på tre år. Dersom inntekta er lågare enn 60 prosent av medianinntekta gjennom heile perioden, vert familien rekna som ein låginntektsfamilie, og dermed kjem barna med i statistikken over fattige barn i Norge (Epland & Normann, 2021). Denne utrekninga tek ikkje høgde for velferdsstatlege godar og offentlege tenester/ytingar. Den tek heller ikkje omsyn til den enkelte familie sin situasjon når det kjem til forvaltning av økonomien, tilgang på andre ressursar eller bu og leveutgifter (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet., 2021). I tillegg samanliknar ein seg med dei som er i lokalsamfunnet, og ikkje heile befolkninga i eit land. Difor vil det opplevast forskjellig å leve i ein låginntektsfamilie, avhengig av kvar du bur og kven du samanliknar deg med. Med denne utrekninga vil det alltid vere nokon som vert definert som fattige, og levestandarden til dei som vert definert som fattige kan vere ganske gode. Det vert då meir nøyaktig å seie at barn i låginntektsfamiliar har stor risiko for å vekse

opp i fattigdom (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet., 2021). Ifølgje Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2021) sine sider er det nokre kjenneteikn som aukar risikoen for barnefattigdom. Det er foreldre som er utanfor arbeidslivet, foreldre med låg utdanning, barn med einslege forsørgjarar, husholdningar som mottek over halvparten av inntekta gjennom offentlege overføringer og barn med innvandrarbakgrunn. Frønes og Strømme (2018, s. 77) skriv om dei same kjenneteikna, men dei legg også til betydninga av tal barn i familien og korleis risikoen for fattigdom aukar i takt med tal på barn.


### 2.3 Fattige innvandralar i Norge

Ifølgje SSB var det om lag 400 000 personar med innvandrarbakgrunn i Norge i 2006. I dag, 15 år etter, har dette talet auka til omlag ein million. Den største gruppa er frå Asia, deretter Øst-Europa (EU-land). Polen er det landet som flest innvandralar kjem frå, etterfølgt av Litauen, Sverige og Syria (Statistisk sentralbyrå, 2021). Etter 2006 har arbeidsinnvandring vore den vanlegaste innvandringsrunnen, tett etterfølgt av familiegjenforeiningar. Flukt og utdanning har i det same tidsrommet hatt ein stabilt lågare del migrantar, utanom ein topp i 2015 til 2017 då det var flykningkrise, og det kom mange migrantar frå Midtausten (Statistisk sentralbyrå, 2021). Dei ulike gruppene har også svært ulik levetid i Norge (Frønes & Strømme, 2018, s. 53).

Innvandralar er ei svært differensiert gruppe. Nokon har gode føresetnadnar for å klare seg godt, medan andre er underprivilegerte og har få moglegheiter (Skytte, 2019, s. 35). Ifølgje Frønes og Strømme (2018, s. 52) er unge med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn overrepresentert i statistikken over kriminalitet og dei som fell frå i vidaregåande skular. På same tid viser studiar at nokon innvandralar gjer det veldig godt i det nye heimlandet (Frønes & Strømme, 2018, s. 52). Nokre innvandrargrupper er meir utsett i statistikken over fattige barn i Norge. Nedanfor er ein figur som syner kor stor del av dei ulike innvandrargruppene som har fattige barn.

## Figur 1: Personar 0-17 år i hushaldningar med vedvarande låginntekt etter landbakgrunn.

12903: Personer 0-39 år i husholdninger med vedvarende lavinntekt. Treårsperiode, etter innvandringskategori / landbakgrunn. 0-17 år, EU-skala 60 prosent, Begge kjønn, 2017-2019.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figuren ovanfor har eg laga på SSB sine sider. Det har eg gjort ved å velje dei variablane som syner kven dei fattige barna er. Barn som har innvandra frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, og Europa utanom EU/EØS toppar statistikken med 64,6 prosent fattige. Den neste store gruppa er norskfødde med innvandrarforeldre frå dei same områda, der 39,6 prosent er fattige. Hjå befolkninga utan innvandrarbakgrunn er delen fattige på 5,8 prosent. Det kjem også fram av figuren at norskfødde med innvandrarforeldre har mindre sannsyn for å vere fattig enn dei borna som sjølv har innvandra (Statisitsk sentralbyrå, 2021).

### 2.4 Konsekvens av barnefattigdom

Å leva i ein låginntektsfamilie over ein lengre tidsperiode kan ha store konsekvensar for barn. Personar som veks opp i låginntektsfamiliar har økt fare for å bli hengande etter på fleire levekårsområder (Epland & Normann, 2021). Frønes og Strømme (2018, s. 28) skriv at dei første leveåra har stor betydning for den psykososiale utviklinga og for risikoene for framtidig marginalisering og sosial eksklusjon. Barstad (2014, s. 336) peiker på funn frå ulike norske studiar som viser at det å vokse opp i familiar med låginntekt kan få uheldige konsekvensar når det kjem til sosiale relasjoner og for eigen helse.

### 3.0 Teoretisk perspektiv

Eg vil no gjere greie for interseksjonalitetsperspektivet, samt presentere perspektiva klasse, habitus og «det sosiale rommet». Dette er perspektiv som eg har funne nyttige til å forstå funna i studien.

#### 3.1 Interseksjonalitet

Interseksjonalitet er eit perspektiv der ein ser på effektane av å ha fleire underprivilegerte posisjonar samtidig (Thun, 2019). Det er mange kjenneteikn ein kan verte posisjonert etter. Korleis posisjonar som er sterke eller svake vert sosialt konstruert, og vil difor variere frå samfunn til samfunn og over tid (Gullikstad, 2013). Nokre av kategoriane som skapar forskjellar er etnisitet, kjønn, seksualitet, sosial klasse, eller funksjonsnivå (Gullikstad, 2013). I denne studien kan det dreie seg om at etnisitet og sosial klasse gjer seg gjeldande samtidig. Det kan også være andre kategoriar som kjem fram som relevante etter kvart. Crenshaw (1991, s. 1244) beskriv korleis medlemskap i ulike underprivilegerte grupper under kategoriar som til dømes kjønn, klasse og etnisitet kan føre med seg fleire negative konsekvensar fordi ein er marginalisert i alle kategoriane. Med det meinar ho at det å ha fleire underprivilegerte posisjonar kan bety meir enn det summen av kvar enkelt posisjon skulle tilseie (Fekjær, 2010, s. 89). Eit eksempel på dette er at den negative effekten av tal barn vert forsterka dersom foreldra frå før er resursfattige (Frønes & Strømme, 2018, s. 85). Det å ha mange barn treng ikkje nødvendigvis gi negative konsekvensar, men kombinert med resursfattige foreldre kan den negative effekten verte stor. Interseksjonalitet som analytisk verktøy har lenge vorte brukt, men det var Kimberle Crenshaw som først definerte det som eit teoretisk omgrep (Aadnanes, 2017, s. 31). Crenshaw er opptatt av at det er samfunnstrukturar som skapar desse maktrelasjonane som gjer at nokon vert marginaliserte (Gullikstad, 2013). Gullikstad (2013) skriv vidare at ein kritikk som har vorte retta mot Crenshaw sin teori er at den ikkje viser at dei marginaliserte posisjonane har endringspotensial.

### 3.2 Klasse, habitus og «det sosiale rommet»

Det er mange ulike definisjonar og måtar å forstå omgrepet klasse på. Dahlgren og Ljunggren (2010, s. 13) definerer det slik «Sosiale klasser er samlinger av posisjoner i en samfunnsstruktur hvor personer grupperes etter materielle og kulturelle kriterier, og som gir dem bestemte fordeler og/eller ulemper i kampen om attraktive goder.» Det vil seie at nokon klassar eller sosiale posisjonar i samfunnet gir meir eller mindre tilgang på materielle og symbolske lønningar, ut ifrå kvar dei er i hierarkiet (Ringdal, 2010, s. 185). Dette er ein definisjon som kan vere nyttig til å forstå kva som ligg i omgrepet, men det manglar likevel vesentleg informasjon for å forstå betydninga. Klasseteorien kan vera provoserande å snakke om i det norske samfunnet fordi det ikkje lenger er klare klasforskjellar, omgrepet kan bringe med seg ei rekke negative assosiasjonar, og folk definerer ikkje seg sjølv med klassebakgrunn (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 14). Omgrepet handlar ikkje berre om at samfunnet er delt inn i sosiale lag, men det handlar også om korleis systematiske (sosiale og økonomiske) forskjellar reproduserast på tvers av generasjonar (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 15). Sjølv om det norske samfunnet ikkje har tydelege klasseskilje er det nyttig å forske på det for å kunne forklare og forstå kjeldene i samfunnet som fører til systematisk ulikskap (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 14). Ein motsetning til klasse er individualiseringa som pregar samfunnet vårt, der alle samfunnsborgarane vert sett på som individ og ikkje som ein del av ei gruppe (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 17). I eit individualiserande perspektiv vert difor kvart individ ansvarleg gjort for sine eigne val, og det er ein kollektiv tanke om at alle medlemar i samfunnet vert gitt dei same moglegitene uavhengig av blant anna kjønn, etnisitet og geografisk tilhørsle. (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 17)

Dei fleste klasseskjema/klasseinndelingane tek utgangspunkt i yrke når dei skal klassifisere (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 22). Det vil seie at yrke ofte vert sett på som det same som klasse, sjølv om det kanskje heller burde vore ein indikator på klasse. Andre forhold som ofte vert tatt med i klassifiseringa og som vert systematisert hierarkisk er: utdanning, politiske og organisatoriske verv og økonomiske posisjonar (Hjellbrekke & Korsnes, 2012, s. 12).

Begrepet klassereise omhandlar ofte den subjektive opplevinga eit individ har med å bevege seg mellom ulike klassar (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 24). Klassereise kan og beskrivast som sosial mobilitet då begge omgrepene handlar om å forflytte seg mellom klassar. Sosial mobilitet handlar om samfunnsendringar og stabilitet, og om korleis sosial ulikskap reproduserast eller endrast, i løpet av eit individ sitt liv og på tvers av generasjonar (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 25). Når vi omtaler sosial mobilitet og klassereiser, er det viktig å hugse på at forflyttinga kan gå både oppover og nedover i hierarkiet (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 25). Når det kjem til innvandrarar, kan det vere snakk om ein nedgåande klassereise, då dei kan ha hatt høg status i heimlandet, og mista den posisjonen under migrasjonen. Innvandrarar med høg utdanning frå heimlandet kan oppleve å bli degradert klassemessig i Norge. Når ein skal definere sosial mobilitet, skil ein mellom sosial mobilitet inni og mellom generasjonar (Ringdal, 2010, s. 185). I denne oppgåva vert fokuset på intergenerasjonsmobilitet, som er sosial mobilitet mellom generasjonar, der foreldra sin sosiale klasse/posisjon er utgangspunktet som samanliknast med etterkommarane sin sosiale posisjon (Ringdal, 2010, s. 185).

Ein sentral teoretikar og forskar innanfor klasseteori er Pierre Bourdieu (1930-2002), og mykje av nyare klasseforsking er inspirert av han (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 21). Bourdieu meinte at det er kulturell, sosial og økonomisk kapital som avgjer enkeltindivid sin posisjon i samfunnet (Weihe, 2019). Han beskriv samfunnet som eit sosialt rom, med tre dimensjonar: kapitaltype, kapitalmengde og bevegelsar (Dahlgren & Ljunggren, 2010, s. 21). Individ vert plassert i det sosiale rommet ut ifrå mengd kapital (ressursar) dei har i dei ulike kategoriane, og sosiale klassar består av individ med omtrent same posisjon i dette rommet (Kjølsrød & Skirbekk, 2020). Det er her omgrepet habitus kjem inn. Bourdieu meiner at det ikkje finst avgrensa og sjølvbevisste sosiale klassar, men at det er det fleirdimensjonale sosiale rommet og plasseringa, som avgjer eit individ sitt tilgang på godar som ressursar og makt (Prieur & Rosenlund, 2010, s. 112). Habitus kan forklarast som sosialt tillærte veremåtar, som vert forma i det miljøet du veks opp i (Prieur & Rosenlund, 2010, s. 112). Det vil seie at personar som har same posisjon i det sosiale rommet også har lik habitus. Med lik habitus vil dei vere «like» og kjenne seg igjen i kvarandre, sjølv om dei ikkje kjenner kvarandre personleg. Med denne forståinga i grunn, kan ein seie at når ein person

gjennomfører ei såkalla klassereise, er det sannsynleg at personen ikkje vil føle seg «heime» i den nye klassen, då han ikkje har dei same referanserammene som dei andre.

## 4.0 Metode

Metode kan forklarast som den framgangsmåten du bruker i eit forskingsprosjekt. Metoden skal vere systematisk gjennomført, og på den måten sikre at studien vert etterprøvbar (Dalland, 2020, s. 53). Ifølgje Jacobsen (2010, s. 20) treng ein kunnskap om metoden ein nytter for å kritisk vurdere dei funna ein gjer. Difor skal eg i denne delen grunngi val av metode og vidare forklare korleis eg har gått fram, samt presentere den utvalde litteraturen og analytiske metodar.

### 4.1 Grunngjeving for val av litteraturstudie

Metoden eg har valt å bruke er litteraturstudie. Det er ein metode som handlar om å samanlikne og tolke litteratur ut ifrå ei problemstilling (Aveyard, 2018, s. 2). For å avgjere kva metode eg skulle nytte, var det nødvendig å vurdere kva metode som er best eigna til å finne svar på problemstillinga (Dalland, 2020, s. 53). Litteraturstudie gir meg moglegheit til å finne ut kva kunnskapsstatusen er på dette temaet, og få fram fleire nyansar til å svara på problemstillinga på ein god måte. I tillegg er det også ein praktisk årsak til val av metode, då det er strenge personvernreglar som gjer at eg ikkje kan gjere undersøkingar med barn som informantar. Det er svært ressurskrevjande å gjennomføre eigne undersøkingar på eit så stort tema, dermed har også tid- og ressursmangel betydning for val av metode.

### 4.2 Søkeprosessen

Dei fleste problemstillingar vert best svart på dersom ein nyttar empirisk data som kjem fram av forsking (Aveyard, 2019, s. 42). Aveyard (s.65) skriv vidare at ved å lage eit litteraturhierarki, vil ein kunne identifisere kva artiklar som best kan svare på problemstillinga. Det er mykje forsking om fattige innvandrarbarn og mange ulike vinklinger på tema. Metoden litteraturstudie gir meg moglegheit til å finne både kvalitativ og kvantitativ forsking. Det gjev meg både ei oversikt over statistikk som kan seie noko om omfanget av eit fenomen, samtidig som det gir meg innblikk i subjektive opplevelingar og

årsakssamanhangar. Difor har eg valt å nytte artiklar basert på både kvalitativ og kvantitativ forsking for å svare på problemstillinga.

Ifølgje Aveyard (2019, s.75) treng ein inklusjons- og eksklusjonskriterier for å velje ut den litteraturen som best svarar på problemstillinga. Desse kriteria har eg utvikla basert på mi problemstilling og mitt litteraturhierarki. Eg har i hovudsak ynskja å nytte artiklar som er publiserte på enten norsk eller engelsk, der studien er basert på norske forhold. Eg har berre sett etter fagfellevurderte artiklar, noko som vil auka reliabiliteten i studien (Dalland, 2020, s. 58). I utgangspunktet var det viktig for meg å nytte forholdsvis ny forsking, sidan forsking er ei ferskvare. Men då eg ikkje fann tilstrekkeleg med relevant forsking av nyare dato, vart det aktuelt og inkludere eldre artiklar.

Eg har gjennomført tre søk, i søkemotorane Oria, Idunn og Academic search elite. Der har eg nytta søkeorda barn, innvander, fattig og Norge. Eg har også nytta synonymord og engelske ord for å få betre treff. Vidare har eg nytta boolske operatorar som and og or til å kombinere orda. Til saman fekk eg 82 treff der eg sette abstracta opp mot inklusjonskriteria mine. 72 av dei vart avvist, og ti relevante artiklar vart sett opp mot inklusjonskriteria. Av desse vart fem artiklar inkludert i studien. Vidare gjennomførte eg søk for hand. Dette kan være lurt å gjennomføre då databasane ikkje alltid gir heilt korrekt resultat (Aveyard, 2019, s. 89). Handsøk kan også kallast snøballmetoden. Det går ut på å søke igjennom til dømes referanselister i relevante artiklar og på denne måten finne andre artiklar om same tema som også kan være relevant (Aveyard, 2019, s. 89). Den eine artikkelen fant eg med denne metoden. For å kritisk vurdere artiklane har eg nytta Aveyard sine seks kritiske spørsmål (Aveyard, 2019, s. 108). Ein utvida grunngjeving for val av litteratur er å finne i Vedlegg 1, medan skjema for kritisk vurdering av kvar enkelt artikkel er i Vedlegg 2.

#### 4.3 Presentasjon og kritisk vurdering av litteratur

I søkemotoren Academic search elite fant eg to artiklar ved å bruke følgande søkeord; barn OR unge OR child i første felt, levekår OR klasse OR fattig OR poverty OR «low income» i andre felt, innvander OR immigrant OR refugee OR etnisk minoritet OR ethnic minority i tredje felt og norge OR norway i felt fire som geographic terms.

Den første er artikkelen *School competence among adolescents in Low-income families: does parenting style matter?* av Anja Johnsen, Ragnhild Bjørknes, Anette Christine Iversen og Mona Sandbæk (Johnsen et al., 2018). Det er ein fagfellevurdert artikkel, publisert i 2018. Data er henta frå ein kvantitativ studie av NOVA og NKS. Studien er panelbasert, noko som vil seie at dei same individua vert intervjua fleire gonger over tid. Denne artikkelen nyttar data frå eit av desse intervjuene som vart gjennomført i 2009, som består av 261 ungdomar i familiarar som lever under låginntektsgrensa. Artikkelen handlar om foreldrestilar og sjølvoppfatning av skulekompetanse hjå låginntektsungdom i Norge, med eit formål om å blant anna identifisere forskjellar mellom etniske nordmenn og etniske minoritetar med låg inntekt. Artikkelen er basert på data som er eldre enn eg ynskjer, men eg vurderer den likevel som relevant å inkludere i litteraturstudien då den har ei tilnærming til tema, som eg ikkje har funne i andre studiar.

Den andre artikkelen er *The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: evidence from Norway* av Anne Skevik Grødem (Grødem, 2009). Artikkelen er fagfellevurdert og publisert i 2009. Data er henta frå same panelstudie som førre artikkel, men denne nyttar data frå intervju gjennomført i 2003 og 2006. Det er berre informantar som har svart begge åra som er inkludert i studien. Artikkelen handlar om barn sin tilfredsheit med den norske skulen. Den samanliknar innvandrarbarn med norske barn frå låginntekts familiarar og med ei referansegruppe barn frå familiarar med normalinntekt, og tek for seg tema sosial kapital hjå innvandrarfamiliarar. Til tross for at det er ein litt eldre studie, meiner eg at den er relevant å nytte i min studie då den tek for seg kva påverknad fattigdom og innvandrabakgrunn har å seie for ungane sin tilfredsheit med den norske skulen. Artikkelen samanliknar også med etnisk norske barn frå både låginntekt og normalinntekt familiarar.

Vidare fant eg artikkel nummer tre og fire gjennom søkemotoren Idunn. Der nytta eg søkeorda barn AND fattigdom AND innvandring. Den tredje artikkelen er *Fattig i fjor- fattig i år? Tilstandsavhengighet i innvanderfattigdom* av Manudeep Bhuller og Eirik Eylands

Brandsås (Bhuller & Brandsås, 2014). Den er fagfellevurdert, og publisert i 2014. Data i denne studien er statistikk av SSB frå perioden 1993-2011. Artikkelen ser på om det å oppleve fattigdom i ein periode av livet, vil auke risikoen for å oppleve fattigdom seinare. Sjølv om den er litt eldre enn det eg ynskjer, finn eg artikkelen relevant for mi problemstilling då den peikar på mekanismar som kan gi meg eit større perspektiv. I tillegg handlar den ikkje direkte om dei fattige innvandrarbarna, men dei gjer nokre funn i artikkelen sin som likevel kan vere nyttig for å svara på problemstillinga.

Artikel nummer fire er *Alt er relativt: ytelsjer til barnefamilier i norske asylmottak, 1989-2017* av Marie Louise Seeberg (Seeberg, 2017). Den er fagfellevurdert, og publisert i 2017. Studien er ein dokumentanalyse av dokument frå UDI. Artikkelen handlar om dei økonomiske rammene til barnefamiliar i asylmottak i perioden 1989 til 2017. Den seier ikkje noko om utviklinga av sosioøkonomisk status i seg sjølv, men den viser korleis innvandringspolitikken påverkar liva deira i stor grad. I lys av resten av litteraturen samt teori, kan den likevel seie noko om korleis det sannsynlegvis vil gå med barna som veks opp der.

Den siste søkemotoren var Oria, der nytta eg sökeorda barn OR unge OR child AND levekår OR klasse OR fattig\* OR poverty OR barnefattigdom AND innvandrer\* OR immigrant OR refugee OR immigration AND norge OR norway. Her avgrensa eg i tillegg til artiklar publisert dei siste 5 år. Artikkelen *Innvanderdriv eller middelklassedriv?* av Marianne Takvam Kindt blei velt ut som relevant som artikkelen nummer fem i min litteraturstudie (Kindt, 2017). Den er fagfellevurdert og publisert i 2017. Studien er basert på 28 djupneintervju med unge med innvandrarbakgrunn som har begynt på ein prestisjefyldt utdanningsløp. Artikkelen tek for seg årsaker til at dei gjer det bra i det norske utdanningssystemet. Eg vurderer denne som relevant fordi den gir meg eit innblikk i kva som skal til for å lukkast.

Til slutt fant eg den sjette artikkelen, «*Medaljens baksida»: omkostning av etnisk kapital for utdanning* av Marianne Stærkebye Leirvik. Denne fant eg i litteraturlista til artikkelen *Innvanderdriv eller middelklassedriv?* (Leirvik, 2016). Den er fagfellevurdert og publisert i

2016. Studien er basert på intervju med 23 fattige unge med innvandrarbakgrunn som er utdannings og arbeidsmessig inkludert, samt 21 minoritetsrådgivarar på vidaregåande skular. Artikkelen ser på kva konsekvensar etnisk kapital og god skuleprestasjon kan ha. Denne er relevant å ta med i studien då den kastar lys på dei negative sidene av å gjere det bra.

#### 4.4 Analyse

For å analysere tekstane utvikla eg to forskingsspørsmål for å operasjonalisere problemstillinga. Forskingsspørsmåla er formulert slik; «kvifor kjem nokon seg ut av fattigdomen?» og «kva gjer det utfordrande å kome seg ut av fattigdomen?». Desse spørsmåla danna grunnlaget for kategorisering av materialet. Då eg las datamaterialet danna det seg nokre kategoriar som hjelpte meg å strukturere vidare, desse kategoriene vert brukt som overskrifter i funn kapittelet og vert kalla «kva kjenneteiknar den sosioøkonomiske plasseringa i Norge?», «foreldra si involvering og betydninga av den» og «dei unge sitt syn på skulen».

### 5.0 Funn

Kva fortel forskinga oss om fattige barn med innvandrarbakgrunn og deira moglegheit til å kome seg ut av fattigdom? Gjennom studien har det vist seg at skule er ein viktig arena for utviklinga av den sosioøkonomiske statusen, og mykje av datamaterialet omhandlar difor skule. I tillegg har eg med forsking om den økonomiske situasjonen til barn på asylmottak og om eit omgrep kalla tilstandsavhengighet. I denne delen vil eg trekke fram og presentere funna i den utvalde litteraturen.

#### 5.1 Kva kjenneteiknar den sosioøkonomiske plasseringa i Norge?

Alle artiklane handlar om barn/vaksne med innvandrarbakgrunn som har låg sosioøkonomisk status i Norge. Eg vil likevel trekke fram funn frå nokre av artiklane då dei representera ulike vinklingar som er vesentleg for drøfting seinare i oppgåva.

Studien til Kindt (2017) fokuserer på ungdommene sin eigen oppfatning av sin sosiale bakgrunn, heller enn den objektive sosioøkonomiske plasseringa. Her kjem det fram at for dei fleste samsvarar ikkje forståinga av den sosiale bakgrunnen med den objektive sosioøkonomiske plasseringa, då dei fleste foreldra hadde høg sosial status i heimlandet. Berre ungdomane der foreldre har hatt låg status i heimlandet kjende seg igjen i den sosioøkonomiske plasseringa i Norge (Kindt, 2017). Leirvik (2016) sin studie rettar blikket mot samansetning av ulik sosioøkonomisk bakgrunn på vidaregåande skular. Der kjem det fram at på skular med høgt karaktersnitt i Oslo, skil ofte minoritetsungdom seg ut ved at dei har lågare sosioøkonomisk bakgrunn enn resten av elevane (Leirvik, 2016). Studien til Bhuller og Brandsås (2014) syner at innvandrarar opplever betydeleg høgare grad av tilstandsavhengighet enn resten av befolkninga. Det vil seie at dei har høgare sannsyn til å gå inn i fattigdom og lågare sannsyn til å gå ut av fattigdom (Bhuller & Brandsås, 2014). Seeberg (2017) sin studie av dei økonomiske rammene til barnefamiliar i asylmottak, viser korleis dei lever på kanten av samfunnet med svært låg inntekt. Satsane dei mottek er betydeleg lågare enn både SIFO sitt standarbudsjett og satsane for økonomisk sosialhjelp. Dei manglar også tilgang på andre rettighetar og ytingar gjennom velferdsstaten som til dømes barnetrygd og barnehageplass (Seeberg, 2017).

## 5.2 Foreldra si involvering og betydninga av den

Studien til Marianne Kindt (2017) finn at alle foreldra i undersøkinga har uttrykt eit eksplisitt ynskje om at borna skal ta høgare utdanning. Dei fleste av dei var også involverte, samt la til rette for og oppfordra til aktivitetar. Oppdragringa var ofte voksenstyrt og framtidssretta, noko som ifølgje Kindt, minner om den norske middelklassen. Ungdommene med foreldre som hadde høg sosial status i heimlandet fortel at dei opplevde det som viktig for foreldra at dei skulle vidareføre familien sin høge status. Medan dei med foreldre frå låg sosial status opplevde at foreldra nytta seg sjølv som eksempel på korleis dei ikkje skulle bli, samt at dei blei fortalt kor mykje som var blitt ofra for deira framtid. Til tross for at foreldra ikkje kunne bidra på same måte, hadde dei likevel klare reglar og motivasjon i form av premiar. Det etniske nettverket vart også beskrive som ein viktig ressurs for suksessen (Kindt, 2017).

Marianne Leirvik (2016) undersøker omkostningane av etnisk kapital som kan gjere seg gjeldande gjennom utdanning. Fleirtalet av hennar informantar har hatt ein streng oppdraging med mange restriksjonar og høg grad av sosial kontroll. Nokre få har også vorte utsett for fysisk og psykisk vald som verktøy for kontroll. Studien består i tillegg av intervju av nokre minoritetsrådgivarar på vidaregåande skular. Dei rapporterte om mange unge som opplever vanskar på grunn av foreldra si høge forventing til utdanning. Ambisjonane vert beskrive som både mobilitetsfremmande, men og ein av årsakene til fråvær og bortfall (Leirvik, 2016).

Johnsen et.al. (2018) sin studie samanliknar fattige etnisk norske ungdommar og fattige ungdommar med innvandrarbakgrunn sine sjølvoppfatta skuleprestasjonar. Først og fremst var det ikkje noko vesentleg forskjell på dei to gruppene sin oppfatning av foreldra sin foreldrestil. Hjå ungdomen med innvandrarbakgrunn finn ein at støtte og oppfølging er positivt korrelert med sjølvoppfatning av skuleprestasjonar, medan forsømming har ein negativ korrelasjon. Etnisk norske ungdommar har ikkje denne korrelasjonen når det gjeld støtte og oppfølging, berre korrelasjon når det gjeld forsømming.

### 5.3 Dei unge sitt syn på skulen

Sjølv om utdanning i norske auge kan vere eit teikn på «fridom», viser forskinga til Leirvik (2016) at også dei som tek høgare utdanning kan oppleve manglande autonomi. Minoritetsrådgivarane fortel at fleire med innvandrarbakgrunn gjekk på linjer og tok fag som dei eigentleg ikkje ynskja å gå på. Likevel beskriv fleire av ungdommane i studien at det faglege nivået på skulane med høgt karaktersnitt er ein viktig ressurs, som bidreg til økt kunnskap og motivasjon. Nokon valte bevisst skular med høgt fagleg nivå og lågt tal minoritetar og grunngjev valet med eit ynskje om å unngå dårleg innflytelse frå kameratar frå heimstaden.

Ungdom frå låginntektsfamiliar med innvandrarbakgrunn rapporterte i Johnsen et.al. (2018) sin studie, om vesentleg høgare grad av sjølvopplevd skuleprestasjonar. Grødem (2009) har gjort liknande funn hjå innvandrarbarn frå låginntektsfamiliar, der det kjem fram at dei har

mykje større sannsyn for å svare at dei likar skulen veldig godt, samanlikna med etnisk norske barn. Grødem (2009) sin studie syner at når same gruppa vert ungdom endrar dette seg og det er ikkje lenger noko vesentleg forskjell på svara. No svarar gruppene ganske likt både på spørsmål om kor fornøgd dei er med skulen og om spørsmål knytt til læraren.

## 6.0 Diskusjon/Drøfting

I denne delen av oppgåva skal eg drøfte funna i litteraturstudien med omsyn til problemstillinga «*Kva kjenneteiknar utviklinga av sosioøkonomisk status hjå fattige barn med innvandrarbakgrunn.*» I likskap med tidlegare forsking viser funna i denne litteraturstudien at nokon fattige barn med innvandrarbakgrunn gjer det bra i det norske samfunnet, medan andre ikkje lukkast med å kome seg ut av fattigdomen. Det kan nesten sjå ut som det er ein polarisering der dei anten gjer det veldig bra eller veldig därleg. Eg vil nytte dei teoretiske perspektiva om interseksjonalitet, sosiale klassar og Bourdieu sin teori om habitus til å diskutere kva som kan forklare innvandrarbarna sin suksess og kva som gjer at det ikkje går bra. Eg vil også rette eit kritisk blikk på studien.

### 6.1 Kvifor kjem nokon seg ut av fattigdommen?

Alle informantane i studien til Kindt (2017) har hatt ein positiv utvikling av den sosioøkonomiske statusen, då dei nyleg er tatt opp på prestisjefylte utdanningsløp. Som nemnt tidlegare rettar artikkelen fokuset mot deira eigen oppfatning av sosial bakgrunn, og dei fleste informantane har foreldre med høg sosial status i heimlandet. Foreldra har dermed opplevd ein degradering av sosial klasse, og sosialiseringa og oppveksten i heimlandet ser ut til å bety meir enn den sosioøkonomiske statusen i Norge for korleis barna vert oppdratt her. Dette funnet kan sjåast i lys av teorien om habitus. Teorien deler befolkninga i sosiale klassar ut ifrå kvar dei er i det «sosiale rommet», som er eit fleirdimensjonalt rom med ulike kapitaltypar, heller enn ein sosial rangstige. Det at innvandrarar opplever ein degradering av den sosiale klassen når dei kjem til Norge, endrar ikkje den sosialiserte veremåten dei har frå den høge sosiale statusen i heimlandet. Dermed vert det å måle sosial klasse ut ifrå arbeid, utdanning og økonomi unøyaktig når ein snakkar om innvandrarar. Til tross for tilsvarende økonomisk situasjon, verkar det som innvandrarbarn med foreldre som hadde høg status i heimlandet har tilgang på ressursar som fattige etnisk norske barn ikkje har. Teorien om

habitus og det sosiale rommet kan difor vere ei forklaring på denne «driven» som studien finn hjå innvandrarforeldre. Det kjem og fram i den same studien at foreldra med låg sosial status i heimlandet også kan ha ein «driv» som gjer at dei unge lukkast i skulen. Her handlar det ikkje om sosialiserte veremåtar, men om eit ynskje om at borna skal gjere det betre enn dei. I tillegg kan argumentet om foreldra sin store innsats (i form av migrasjon) for borna si framtid ha stor påverknad (Kindt, 2017).

Eit funn i denne studien er at barn med innvandrarbakgrunn frå låginntektsfamiliar har nokre fordelar i skulen som etnisk norske barn ikkje har. Artiklane til Grødem (2009) og Johnsen et.al. (2018) syner at barn med innvandrarbakgrunn har mykje større sjans for å svare at dei likar skulen godt, og dei har vesentleg høgare grad av sjølvopplevd skuleprestasjonar enn etnisk norske barn. Teorien om interseksjonalitet handlar om korleis ulike underpriviligerte posisjonar saman gir større konsekvensar enn det summen av dei enkelte skulle tilseie. Men i desse to eksempla ser me nesten ein motsett effekt. Det kan sjå ut som innvandrarbakgrunn overgår effekten av å komme frå ein låginntektsfamilie og dermed kan fungere som ein beskyttelsesfaktor.

Eit anna funn er ressursen etnisk kapital. Dette kjem blant anna fram i forskinga til Kindt (2017), der ungdommane med foreldre som hadde låg sosioøkonomisk status i heimlandet beskrev det etniske nettverket som ein viktig ressurs. Der fekk dei tilgang på hjelp som ikkje foreldra kunne bidra med. Artikkelen til Leirvik (2016) peikar også på omgrepene etnisk kapital. Sjølv om artikkelen i hovudsak fokuserer på dei negative omkostningane av etnisk kapital, kjem det fram korleis det kan verke som ein ressurs for sosial mobilitet. I lys av interseksjonalitteorien ser ein også her at den ikkje er dekkande. Det kan sjå ut som etnisitet vert kapital i staden for ein undertrykkande posisjon. Til slutt vil eg ta med at fleire av ungdommane i studien til Leirvik fortel at det faglege nivået på skulane med høgt karaktersnitt er ein viktig ressurs, som bidreg til økt kunnskap og motivasjon.

Suksessfaktorane eg har funne i denne analysen kan oppsummerast med at mange unge med innvandrarbakgrunn ikkje assosierer seg med den låge sosiale statusen dei har i Norge.

Gjennom oppdragelsen som minner om den norske middelklassen, har dei tilgang på ressursar som unge norske i same sosiale posisjon ikkje har tilgang på. Andre får motivasjonen sin av foreldra som eksempel på korleis dei ikkje skal verte, samt av foreldra sin store innsats for deira framtid. Etnisk kapital og høgt fagleg nivå på skulane viser seg også som ressursar som kan påverke den sosioøkonomiske situasjonen i positiv retning.

## 6.2 Kva gjer det utfordrande å komme seg ut av fattigdommen?

Tilstandsavhengighet er eit omgrep som kjem fram i forskinga til Bhuller og Brandsås (2014). Omgrepet handlar om at det er meir sannsynleg å bli verande fattig når ein først har blitt det, enn å gå inn i fattigdomen. Det kjem fram i forskinga at innvandrarar har betydeleg høgare grad av tilstandsavhengighet enn resten av befolkninga. Om ein ser dette i lys av interseksjonalitteorien, kan det sjå ut som kombinasjonen av dei to undertrykkande posisjonane fattigdom og innvandrarbakgrunn/etnisitet forsterkar dei negative effektane kvar enkelt posisjon har.

På skular med høgt karaktersnitt i Oslo, skil ofte minoritetsungdom seg ut ved at dei ikkje har lik sosioøkonomisk bakgrunn som resten av elevane. Dei fleste elevane der er vestkantungdom med middelklassebakgrunn, medan minoritetsungdomen som regel kjem frå austkanten med arbeidarklassebakgrunn. Dette kjem fram i forskinga til Leirvik (2016). Vidare kjem det fram at minoritetsungdomane ikkje klarar å argumentere på same måte som dei andre, og kan føle at dei ikkje passar inn verken sosialt eller fagleg. Dette kan sjåast i lys av teorien om habitus. Sjølv om ungdomen gjerne har ressursar som foreldre med høg sosial status i heimlandet eller mykje etnisk kapital, har dei likevel gått på skule i eit miljø som skil seg frå vestkantungdomen sitt miljø. Det at minoritetsungdomen føler dei ikkje passar inn tyder på at dei har ulik habitus, altså ulik sosialisert tillærte veremåtar. Den same teorien kan også vere ein del av forklaringa på kvifor dei vel å søke seg inn på desse skulane. Nokre av elevane fortalte at dei søkte seg bevisst inn på desse skulane for å unngå därleg påverknad frå kameratar som ikkje vektla skulen på same måte. Dersom dei har hatt veldig ulik oppdragning enn kameratane, kan ein tenke seg at dei ikkje passar heilt inn i det miljøet heller. Dermed kan dei verte ståande på utsida av begge miljøa utan å passe ordentleg inn nokon av plassane.

Etnisk kapital vert i studien til Leirvik (2016) omtala både som mobilitetsfremmande, og som ein av årsakene til fråvær og fråfall. Minoritetsrådgiverane (MR) som er informantar i studien rapporterer om ein gjentakande treng der ungdom vel vekk fag og studielinjer dei sjølv er interessert i, og vel i staden realfag for å innfri foreldra sine ynskjer. Fleirtalet av dei unge informantane i studien har hatt ein streng oppdragning med mange restriksjonar og høg grad av sosial kontroll. Nokre har også vorte utsett for vald, som ein del av denne kontrollen. Familien og det etniske nettverket kontrollerer dei unge i form av at det er knytt forventningar til korleis dei skal opptre både fagleg og sosialt. MR beskriv desse forventningane som problematiske dersom dei unge ikkje klarar å leve opp til dei. Omkostningane av etnisk kapital er ifølgje Leirvik avhengig av om dei unge opplever at dei har autonomi i relasjon til foreldra. Også dei som tek høgare utdanning kan oppleve manglande autonomi, og det kan til og med føre til strengare kontroll i nokre tilfelle (verdien til kvenna vert høgare og dermed skapast eit større ekteskapspress). Leirvik stiller spørsmål om sosial mobilitet i form av utdanning er det same som vellukka integrering. Når ein ser på desse opplysningane med teorien om interseksjonalitet kan ein sjå at kombinasjonen av streng sosial kontroll og faglege utfordringar kan gjere situasjonen veldig vanskeleg. Dersom ungdomen vel fag og studielinjer for å gjere foreldra fornøgd, kan dei komme i ein situasjon der dei ikkje klarar å fullføre, enten fordi det faglege kravet er for høgt, eller at dei ikkje har interesse for faget. Dei undertrykte posisjonane fattigdom og etnisitet kan då forsterke kvarandre til eit negativt utfall.

Studien til Seeberg (2017) syner at barnefamiliar som bur i asylmottak er svært fattige samanlikna med andre grupper i Norge. Frå 2015 vart satsane dei mottek redusert, og grunngjevinga for dei låge økonomiske ytingane er at dei skal ligge på nivå med andre europeiske land. Dette for at ikkje Norge skal verke meir attraktiv enn andre land. Det var flyktningkrisa som førte til det dei kalla for «nødvendig innstramming i asylpolitikken». Mange barnefamiliar bur lenge på asylmottak, om lag to-tre år er vanleg. I tillegg har ikkje barna rett på barnehageplass når dei bur på asylmottak. Interseksjonalitteorien kan forklare kor ekstra belastande det vert for borna å leve på kanten av samfunnet. Innvandringspolitikken trumfar sosialpolitikken, og dei lever under svært trонge økonomiske

kår. I tillegg har ikkje dei minste borna noko arena for å lære seg språket eller verte sosialisert inn i den norske kulturen. Det kan tenkast at det forsterkar dei andre underprivilegerte posisjonane ytterligare. Ein kan og sjå på det i lys av teorien om habitus. Då dei lever på kanten av samfunnet utan å bli integrert frå tidleg barneår, kan den sosialiserte veremåten avvike mykje frå det norske samfunnet (og samfunnet i heimlandet). Det kan då verte vanskeleg å føle seg heime og lukkast i det norske samfunnet.

Ifølge forskinga til Johnsen et.al. (2018) er forsømming sterkt korrelert med negativ sjølvoppfatning av skuleprestasjonar hjå fattige barn med innvandrarbakgrunn. Det er også korrelasjon hjå etnisk norske barn, men ikkje i like stor grad. Dette kan forklarast med interseksjonalitteorien. Dei underprivilegerte posisjonane fattigdom og etnisitet, kombinert med forsømming, utgjer større risiko for å gjøre det dårlig på skulen, enn dei som «berre» kjem under kategoriane fattig og forsømt.

Som nemnt tidlegare har innvandrarbarn mykje større sannsyn for å like seg på skulen, noko som kjem fram i forskinga til Grødem (2009). Når den same gruppa vert ungdom, endrar dette seg og det er ikkje lenger noko vesentleg forskjell på dei med innvandrarbakgrunn og dei etniske norske ungdomane. Det viser seg at interseksjonaliteten mellom fattigdom og etnisitet er mykje større når dei vert eldre.

Litteraturen syner at det er mange faktorar som gjer det utfordrande å forbetre den sosioøkonomiske statusen. Mine funn kan oppsummerast slik: Innvandrarar som har opplevd fattigdom i ein del av livet har større sjanse for å bli verande fattige. Det vil seie at det statistisk sett er vanskelegare for innvandrarar enn for etnisk norske å kome seg ut av fattigdomen. Vidare kjem det fram at innvandrarungdom kan oppleve å ikkje passe inn på skulane med høgt karaktersnitt. Etnisk kapital som tidlegare vert omtalt som ein ressurs kan også ha negative konsekvensar på både skuleprestasjonar og andre område. Det kjem også fram at born som veks opp på asylmottak står i ein veldig vanskeleg posisjon då dei både har svært dårlig økonomi og at dei manglar arena for sosialisering og integrering. Ein anna faktor er at hjå barn som opplever å bli forsømt av foreldra, har innvandrarbarn større

sannsyn enn etnisk norske barn til å ha ein negativ oppfatning av eigen skuleprestasjon. Til slutt kjem det fram eit funn som syner at interseksjonaliteten mellom etnisitet og fattigdom vert større etter kvart som barna veks opp.

### 6.3 Eit kritisk blikk på studien

Eg vil no kommentere nokre forhold som har påverka resultatet i denne studien. For det første handlar litteraturen i hovudsak om økonomi og skule. Dersom eg hadde tatt med studiar som omfattar mellom anna psykisk helse, kriminalitet eller rus, ville eg ha fått eit endå breiare grunnlag for å svare på problemstillinga. Dette var ikkje ei bevisst avgrensing, men det skjedde gradvis gjennom utval av litteratur. Vidare seier utvalt litteratur lite om etnisk norske barn, og det hadde gjerne vore naturleg å samanlikne dei to gruppene meir. Til slutt vil eg kommentere at mykje av forskinga er basert på eldre datamateriale. Sjølv om mykje av det har overføringsverdi, kan det tenkast at nyare forsking kunne ha peika på andre fenomen. Innvandrarpopulasjonen har endra seg i forhold til kvar dei kjem frå og auka mykje i omfang dei siste åra. Kanskje vil dagens innvandrarpopulasjon ha andre utfordringar og suksessfaktorar enn det denne studien finn.

## 7.0 Avslutning

Denne studien har hatt som mål å finne ut kva som kjenneteiknar utviklinga av sosioøkonomisk status hjå fattige barn med innvandrarbakgrunn. Funna syner at det er eit komplekst tema, der mange faktorar spelar inn og påverkar kvarandre.

Innvandrarbakgrunnen fører til både fordelar og ulemper som fattige etnisk norske barn ikkje har. Og faktorar som kan vera fordelar i ein situasjon, kan bli ulemper i ein anna.

Kunnskapen som kjem fram i denne studien kan være nyttig for sosionomen. Sosialt arbeid handlar både om å yte individuell hjelp, samt å identifisere og motvirke forhold i samfunnet som bidreg til ekskludering og marginalisering (Ellingsen et al., 2015, s. 19). Det å vere klar over dei negative sidene som innvandringsbakgrunn kan bringe med seg, gjer at ein kan lettare oppdage risiko for framtidig marginalisering og dermed yte tidleg innsats.

Alle innvandrarar kan ha behov for hjelp i ein periode etter at dei har kome til Norge. For at sosionomen skal hjelpe desse på best mogleg måte er det ein fordel å vere klar over skjulte ressursar. Denne studien syner at det kan finnast klasse- og statusbaserte ressursar frå heimlandet, som kan vere vanskelege å sjå når ein definerer klasse ut ifrå den norske standarden.

Avslutningsvis vil eg seie at vidare forsking på tema er nødvendig, då det er viktig med oppdatert informasjon fordi populasjonen utviklar seg heile tida. For å endre oppfatningane i samfunnet om at innvandrarar truar den norske velferdsstaten, kan det vere nyttig å forske vidare på korleis det går med etterkommarane til innvandrarane. Denne forskinga peikar i retning av at dei gjerne gjer det betre i Norge enn sine foreldre. Vidare forsking kan potensielt fjerne gamle stigma om innvandrarar som ei belastning.

## Referanseliste

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4. utg.).

Open University Press/ McGraw-Hill Education.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2021). *Barn i lavinntektfamilier*. Bufdir.

[https://bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny\\_Barnefattigdom\\_i\\_Norge/](https://bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/)

Barstad, A. (2014). *Levekår og livskvalitet: Vitenskapen om hvordan vi har det*. Cappelen Damm akademisk.

Bhuller, M., & Brandsås, E. E. (2014). Fattig i fjer - fattig i år? Tilstandsavhengighet i innvandrarfattigdom. *Søkelys på arbeidslivet*, 31(03), 209–228.

Crenshaw, K. (1991). Mapping the Margins: Intersectionality, Identity Politics, and Violence against Women of Color. *Stanford Law Review*, 43(6), 1241–1299. <https://doi.org/10.2307/1229039>

Dahlgren, K., & Ljunggren, J. (2010). *Klassebilder: Ulikhet og sosial mobilitet i Norge*. Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave.). Gyldendal.

Departementene. (2020). *Like muligheter i oppveksten, Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektfamilier(2020-2023)*. Regjeringen.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/bb45eed3479549719fb14c78eba35bd4/strategi-mot-barnefattigdom\\_web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/bb45eed3479549719fb14c78eba35bd4/strategi-mot-barnefattigdom_web.pdf)

Ellingsen, I. T., Levin, I., Berg, B., & Kleppe, L. C. (2015). *Sosialt arbeid: En grunnbok*. Universitetsforlaget.

Epland, J., & Normann, T. M. (2020, mars 4). *Nesten 111 000 barn vokser opp med vedvarende lave husholdningsinntekter*. SSB. <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/nesten-111-000-barn-vokser-opp-med-vedvarende-lave-husholdningsinntekter>

- Epland, J., & Normann, T. M. (2021, mars 29). *115 000 barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt*. SSB. <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/115-000-barn-i-husholdninger-med-vedvarende-lavinntekt>
- Fekjær, S. B. (2010). Klasse og innvanderbakgrunn: To sider av samme sak? I K. Dahlgren & J. Ljunggren (Red.), *Klassebilder: Ulikhet og sosial mobilitet i Norge* (s. 84–97). Universitetsforlaget.
- Fløtten, T., Hansen, I. L. S., Grødem, A. S., & Grønnings, A. B. (2011). *Kunnskap om fattigdom i Norge* (Nr. 20212; Fafo-rapport, s. 96). [https://www.fafo.no/media/com\\_netsukii/20212.pdf](https://www.fafo.no/media/com_netsukii/20212.pdf)
- Forente Nasjoner. (2020). *Fattigdom*. FN. <https://www.un.org/development/desa/family/fattigdom.html>
- Frønes, I., & Strømme, H. (2018). *Risiko og marginalisering: Norske barns levekår i kunnskapssamfunnet* (2. utg.). Gyldendal.
- Grødem, A. S. (2009). The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: Evidence from Norway. *International Journal of Social Welfare*, 18(2), 193–201. <https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x>
- Gullikstad, B. (2013). Interseksjonalitet – et fruktbart begrep. *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 37(01), 68–75.
- Hjellbrekke, Johs., & Korsnes, O. (2012). *Sosial mobilitet* (2. utg.). Det Norske Samlaget.
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Høyskoleforlaget.
- <https://www.nb.no/search?q=oaiid%3D%22oai%3Anb.bibsys.no%3A991007247794702202%22&mediatype=b>
- Johnsen, A., Bjørknes, R., Iversen, A. C., & Sandbæk, M. (2018). School Competence among Adolescents in Low-Income Families: Does Parenting Style Matter? *Journal of Child and Family Studies*, 27(7), 2285–2294. <https://doi.org/10.1007/s10826-018-1051-2>
- Karlsen, R. (2021). *Sosialhjelp sukker pillen*. Rights. <https://www.rights.no/2021/04/sosialhjelp-sukker-pillen/>

Kindt, M. T. (2017). Innvandrerdrev eller middelklassedrev? *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 1(1), 71–86.

<https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2017-01-05>

Kjølsrød, L., & Skirbekk, S. (2020). Klasse. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/klasse>

Leirvik, M. S. (2016). «Medaljens bakside»: Omkostninger av etnisk kapital for utdanning. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 2, 167–198.

Prieur, A., & Rosenlund, L. (2010). Danske distinksjoner. I K. Dahlgren & J. Ljunggren (Red.), *Klassebilder: Ulikhet og sosial mobilitet i Norge* (s. 111–128). Universitetsforlaget.

Ringdal, K. (2010). Sosial mobilitet. I K. Dahlgren & J. Ljunggren (Red.), *Klassebilder: Ulikhet og sosial mobilitet i Norge* (s. 185–196). Universitetsforlaget.

Seeberg, M. L. (2017). Alt er relativt: Ytelser til barnefamilier i norske asylmottak, 1989–2017.

*Tidsskrift for Velferdsforskning*, 20(4), 268–285. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02>

Skytte, M. (2019). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid* (3. utgave.). Gyldendal.

Statistisk sentralbyrå. (2021, mai 11). *12903: Personer 0-39 år i husholdninger med vedvarende lavinntekt. Treårsperiode, etter innvandringskategori / landbakgrunn, alder, statistikkvariabel, intervall (år) og kjønn*. Statistikkbanken. SSB.

<https://www.ssb.no/statbank/table/12903/tableViewLayout1/>

Statistisk sentralbyrå. (2021). *Fakta om innvandring*. SSB. <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/faktaside>

Suvatne, S. S. (2016, februar 2). *Listhaugs krav til flyktningene: De må yte, ikke bare nyte*. Dagbladet.

<https://www.dagbladet.no/nyheter/listhaugs-krav-til-flyktningene-de-ma-yte-ikke-bare-nyte/60566204>

Thun, C. (2019). Interseksjonalitet. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/interseksjonalitet>

Tjernshaugen, A., & Tjora, A. (2019). Sosioøkonomisk. I *Store norske leksikon*.

<http://snl.no/sosio%C3%B8konomisk>

Tønnessen, M. (2021). Innvandrer. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/innvandrer>

- Weihe, H.-J. W. (2019). Pierre Bourdieu. I *Store norske leksikon*. [http://snl.no/Pierre\\_Bourdieu](http://snl.no/Pierre_Bourdieu)
- Aadnanes, M. (2017). Social workers' challenges in the assessment of child abuse and maltreatment: Intersections of class and ethnicity in child protection cases. *Critical and Radical Social Work*, 5(3), 335–350. <https://doi.org/10.1332/204986017X1502969679055>

## Vedlegg 1 Utvida søkerlogg for bachelor

Problemstilling: *Kva kjenneteiknar utviklinga av sosioøkonomisk status hjå fattige barn med innvandrarbakgrunn?*

Forklaring av oppsett:

- Tabell 1 syner dei ulike søkerorda som er nytta. Eg har nytta dei boolske operatorane «AND» og «OR» for å kombinere søkerorda. «OR» er nytta mellom ord i same vertikale kolonne, medan «AND» er nytta mellom orda i dei horisontale kolonnane.
- Tabell 2 syner dei ulike søkerkombinasjonane er har nytta i dei ulike søkemotorane. «AND» er nytta mellom orda i dei vertikale kolonnane. Tabellen syner også tal treff, samt treffliste og eventuelle kommentarar til søker.
- Tabell 3 syner referansen til litteraturen i APA7th- stil. Vidare syner den kvar eg fant litteraturen, samt grunngjeving for kvifor eg har valt dei ulike artiklane, opp mot inklusjons- og eksklusjonskriteria mine.

**Tabell I**

OR  
↔  
mellan ord i samme kolonne

	<b>Søkeord 1</b>	<b>Søkeord 2</b>	<b>Søkeord 3</b>	<b>Søkeord 4</b>
<b>Norsk</b>	BARN, UNGE	LEVEKÅR, KLASSE, FATTIG*, BARNEFATTIGDOM FATTIGDOM	INNVANDRER* IMMIGRANT ETNISK MINORITET INNVANDRING	NORGE
<b>Engelsk</b>	CHILD	POVERTY LOW INCOME	REFUGEE IMMIGRATION ETHNIC MINORITY	NORWAY

**Tabell 2**

<b>Database / søkermotor / nettsted</b>	<b>Søkeord/ søkerkombinasjoner</b>	<b>Tal treff</b>	<b>Kommentarer til søker / treffliste (fyll ut etter behov)</b>
Oria	<b>EMNE INNEHOLDER BARN OR UNGE OR CHILD</b>	TOTALT 14  RELEVANT TIL DATA I ARTIKKEL	Treff 1: Kindt, M. T. (2017). Innvandrerdrev eller middelklassedrev? <i>Norsk sosiologisk tidsskrift</i> , 1(1), 71-86. DOI: 10.18261/issn.2535-2512-2017-01-05
	<b>EMNE INNEHOLDER LEVEKÅR OR KLASSE OR FATTIG* OR POVERTY OR BARNEFATTIGDOM</b>		Avgrensning som er gjort i dette søkeret er utgivelsesdato: siste 5 år, materialtype: artikler.
	<b>EMNE INNEHOLDER INVANDRER* OR IMMIGRANT OR REFUGEE OR IMMIGRATION</b>		
	<b>ALLE FELT INNEHOLDER NORGE OR NORWAY</b>		
Academic search elite	<b>BARN OR UNGE OR CHILD</b>	TOTALT 6  RELEVANT TIL DATA 2 ARTIKLAR	Treff 1: Johnsen, A., Bjørkenes, R., Iversen, A. C. & Sandbæk, M. (2018). School Competence among Adolescents in Low-income families: Does parenting style matter? <i>Journal of child and family studies</i> , 27(7), 2285-2294. 10.1007/s10826-018-1051-2
	<b>LEVEKÅR OR KLASSE OR FATTIG OR POVERTY OR LOW INCOME</b>		Treff 2: Grødem, A.S. (2009). The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: evidence from Norway. <i>Internal journal of social welfare</i> , 18(2), 193-201. <a href="https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x">https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x</a>
	<b>INVANDRER OR IMMIGRANT OR REFUGEE OR ETNISK MINORITET OR ETHNIC MINORITY</b>		Avgrensinger som er gjort i dette søkeret er at søkerorda NORGE OR NORWAY er satt som geographic terms (GE).
	<b>NORGE OR NORWAY</b>		
Idunn	<b>BARN</b>	TOTALT 62  RELEVANT TIL DATA 2 ARTIKLAR	Treff 1: Bhuller, M. & Brandsås, E. E. (2014). Fattig i fjer - fattig i år? Tilstandsavhengighet i innvandrerfattigdom. Søkelys på arbeidslivet, 31(03), 209–228.
	<b>FATTIGDOM</b>		Treff 2: Seeberg, M. L. (2017). Alt er relativt: Ytelser til barnefamilier i norske asylmottak, 1989-2017. <i>Tidsskrift for Velferdsforskning</i> , 20(4), 268–285. <a href="https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02">https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02</a>
	<b>INNVANDRING</b>		

	<b>Tabell 3</b>		
	<b>Namnet på artikkelen/ boka/ Referansen i APA-stil</b>	<b>Kvar/ korleis eg fann den</b>	<b>Mine kommentarar – kvifor eg valde denne?</b>
1	Johnsen, A., Bjørknes, R., Iversen, A. C. & Sandbæk, M. (2018). School Competence among Adolescents in Low-Income Families: Does Parenting Style Matter? <i>Journal of Child and Family Studies</i> , 27(7), 2285–2294. <a href="https://doi.org/10.1007/s10826-018-1051-2">https://doi.org/10.1007/s10826-018-1051-2</a>	Gjennom søkemotoren Academic search elite	Artikkelen er fagfellevurdert, det er ein studie basert på norske forhold. Artikkelen er publisert i 2018, men nyttar data frå intervju gjennomført i 2009. Denne er eldre enn ønska, men eg vurderer den likevel som nyttig og relevant då eg nyttar den som ein del av eit større bilet til å svare på problemstillinga. Tema er relevant for mi problemstilling
2	Grødem, A. S. (2009). The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: Evidence from Norway. <i>International Journal of Social Welfare</i> . 18(2), 193–201. <a href="https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x">https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x</a>	Gjennom søkemotoren Academic search elite	Artikkelen er fagfellevurdert, det er ein studie basert på norske forhold. Artikkelen er eldre enn det eg i utgangspunktet var ute etter, den er publisert i 2009. Eg meiner likevel den er relevant å ta med då den har funn som er relevante for problemstillinga mi og at eg nyttar den som ein del av eit større bilet til svaret.
3	Bhuller, M. & Brandsås, E. E. (2014). Fattig i fjar - fattig i år? Tilstandsavhengighet i innvandrerfattigdom. <i>Søkelys på arbeidslivet</i> , 31(03), 209–228.	Gjennom søkemotoren Idunn	Artikkelen er fagfellevurdert og det er ein studie basert på norske forhold. Den er publisert i 2014, og forskar på statistikk frå perioden 1993 til 2011. Sidan forskinga tek føre seg utviklinga over ein tidsperiode på nesten 20 år, så vil eg seie at den kan ha overføringsverdi. Samfunnet har nok utvikla seg meir dei siste åra, men denne tek for seg eit spesielt tema som er nyttig å bruke til å svare på problemstillinga.

4	Seeberg, M. L. (2017). Alt er relativt: Ytelser til barnefamilier i norske asylmottak, 1989-2017. <i>Tidsskrift for Velferdsforskning</i> , 20(4), 268–285. <a href="https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02">https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02</a>	Gjennom søkemotoren Idunn	Artikkelen er fagfellevurdert og den er ein studie basert på norske forhold. Den er publisert i 2017 og datamaterialet strekker seg fra 1989-2017. Denne artikkelen treff nok ikkje godt som litteratur til min studie i seg sjølv, men i kombinasjon med dei andre og med relevant teori kan den likevel gi nokre nyttige synspunkt.
5	Kindt, M. T. (2017). Innvandrerdrev eller middelklassedrev? <i>Norsk sosiologisk tidsskrift</i> , 1(1), 71–86. <a href="https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2017-01-05">https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2017-01-05</a>	Gjennom søkemotoren Oria	Artikkelen er fagfellevurdert, det er ein studie basert på norske forhold. Artikkelen er publisert i 2017 men intervjuet er gjennomført i 2013 og 2014. Sjølv om det er litt eldre forsking enn eg ønsker, vil eg seie den er relevant for meg, då den peiker på individuelle historier om eit interessant synspunkt på problemstillinga mi.
6	Leirvik, M. S. (2016). «Medaljens bakside»: Omkostninger av etnisk kapital for utdanning. <i>Tidsskrift for samfunnsforskning</i> , 2, 167–198.	Gjennom handsøk, i litteraturlista til artikkelen Innvandrerdrev eller middelklassedrev?	Artikkelen er fagfellevurdert og det er ein studie basert på norske forhold. Den er publisert i 2016, men intervjuet er gjennomført tidlegare. Eg har ikkje klart å finne nyare forsking som tek opp det same tema, og eg vil difor vurdere forskinga som relevant å ta med. I tillegg er det ein kvalitativ metode med intervju, noko som gjer at svara er personavhengig, og ikkje så påverka av samfunnsutviklinga som ein kvantitativ undersøking kanskje kan vere.

## Vedlegg 2 Skjema for Kritisk vurdering av artiklane

Til å kritisk vurder artiklane har eg nytta Aveyard sine seks kritiske spørsmål (Aveyard, 2019, s. 108).

### Artikkelen nr 1

Johnsen, A., Bjørknes, R., Iversen, A. C. & Sandbæk, M. (2018). School Competence among Adolescents in Low-Income Families: Does Parenting Style Matter? *Journal of Child and Family Studies*, 27(7), 2285–2294. <https://doi.org/10.1007/s10826-018-1051-2>

### Kvar fant du informasjonen?

Artikkelen fant eg gjennom systematisk metodesøk i søkemotoren Academic search elite. Det vart nytta relevante søkeord i søket.

### Korleis kom forfattarane fram til konklusjonane?

Data henta frå studien «Children's level of living- the impact of family incomes (sandbæk og pedersen) Det er eit prosjekt av velferdsinstitutet NOVA og NKS. Studien er panelbasert, som vil seie fleire intervju over tid, av fattige familiær. Denne artikkelen har hentat data frå intervju gjennomført i 2009 og består av 261 ungdomar i familiær som lever under låginntektsgrensa. Det vert gjort greie for korleis dei to tema sjølvopplevd skuleprestasjon og opplevd foreldrestil er målt. vidare er forfattarane kjeldekritiske ved at dei gjere greie for svake sider ved studien i forhold til kva spørsmål som er stilt. Sidan dei baserer seg på kvantitative data, så vert ikkje resultata/tala påverka av at dei nyttar andre sine forskingsdata.

### Når blei det skreve?

Artikkelen er publisert i 2018, men er basert på data frå 2009. Sjølv om artikkelen er ny, så er ikkje forskinga det. Dette kan påverke validiteten til funna, då det ikkje er oppdatert til å

## Vedlegg 2 Skjema for kritisk vurdering av artiklane

gjelde dagens innvandrarpopulasjon. Eg vulerer det likevel som relevant å nytte då eg nyttar den som ein del av eit større bilet for å svare på problemstillinga.

### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

Artikkelen er fagfellevurdert, og dei studerer kvantitativ data som er samla inn av andre. Hovudfunna er at ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn rapporterer om høgare nivå av sjølvopplevde skuleprestasjonar enn etnisk norske ungdom. Vidare var det ingen signifikant forskjell i opplevd foreldrestil hjå dei to gruppene og at forsømming har negativ korrelasjon med skuleprestasjonar i begge gruppene.

### **Kven har skreve dette?**

Artikkelen er skreve av Anja Johnsen, Ragnhild Bjørkenes, Anette Christine Iversen og Mona Sandbæk, dei har relevant arbeid og utdanningsbakgrunn og dei er anerkjente fagpersonar innafor sitt felt. Det at dei er fleire forfattarar kan gjere forskinga mindre prega av forskarane sin førforståing.

### **Kvífor har det blitt skreve?**

Forskingen er finansiert av Aleris care norway og stiftelsen Wøyen. Forskingsdata er samla inn av velferdsforskinsinstituttet NOVA og Norske kvinners sanitetsforeining NKS, som er anerkjente forskingsinstitutt i Norge. Sidan forskinga er bestilt på oppdrag for ulike institutt kan ein stilla spørsmål om dei har vorte selektive i forskingsprosessen. Forskinga er retta mot fagfolk.

## **Artikkelen nr 2**

Grødem, A. S. (2009). The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: Evidence from Norway. *International Journal of Social Welfare*, 18(2), 193–201.  
<https://doi.org/10.1111/j.1468-2397.2008.00594.x>

### **Kvar fant du informasjonen?peika**

Artikkelen fant eg gjennom systematisk metodesøk i søkemotoren Academic search elite. Det vart nytta relevante søkeord i søker.

### **Korleis kom forfattarane fram til konklusjonane?**

Data henta frå studien «Children's level of living- the impact of family economy for children's lives». Det er eit prosjekt av velferdsintitutet NOVA og NKS. Studien er panelbasert, som vil seie fleire intervju over tid, av fattige familiar. Denne artikkelen hentar data frå intervju gjennomført i 2003 og 2006. Det er kun informantar som har svart begge åra som er inkludert i studien. Dei sit då igjen med eit utval på 249 fattige innvandrarbarn. Det er også eit utval av fattige etnisk norske barn, og eit kontroll utval med etnisk norske barn med normalinntekt.

Forfattaren gjer greie for svarprosenten og fråfall, og forklarar kvifor fråfallet ikkje har betydning for utfallet, noko som gjer at forskinga vert meir truverdig. Ho kommenterer også at det å arbeide med eit så komplekst materiale var utfordrande. Eg vurderer studien som truverdig då metoden er forklart på ein god måte. I tillegg vurderer eg at sidan dei baserer seg på kvantitative data, så vert ikkje resultata påverka av at dei nyttar andre sine forskingsdata

### **Når blei det skreve?**

## Vedlegg 2 Skjema for kritisk vurdering av artiklane

Artikkelen er skreve i 2009, og er basert på data frå 2003 og 2006. Dette kan påverke validiteten til funna, då det ikkje er oppdatert til å gjelde dagens innvandrarpopulasjon. Eg vuderer det likevel som relevant å nytte då eg nyttar den som ein del av eit større bilet for å svare på problemstillinga.

### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

Artikkelen er fagfellevurdert, og den nyttar kvantitativ data som er samla inn av andre. Hovudfunna er at innvandrarbarn i alderen 10-12 år ,frå låginntektsfamiliar rapporterer om vesentleg høgare grad av tilfredsheit med skule og lærarar, enn dei andre gruppene. Men når dei same barna vert 13-15 år er det ikkje lenger noko forskjell på svara til dei ulike gruppene.

### **Kven har skreve dette?**

Artikkelen er skreve av Anne Skevik Grødem, ho er ein forskar som eg har kjennskap til frå før, og er anerkjent fagperson innafor sitt felt.

### **Kvífor har det blitt skreve?**

Studien er initiert av Norske kvinner sanitetsforening (NKS) og er finansiert av velferdsforskingsinstituttet NOVA og NKS, som er anerkjente forskingsinstitutt i Norge. Informasjonen er retta mot fagfolk, og målet er å finne ut kva oppfatning av skulen fattige innvandrarbarn har, og om den er lik dei fattige etniske norske. Forskinga søker også å finne ut om dette endrer seg over tid.

### **Artikkelen nr 3**

Bhuller, M. & Brandsås, E. E. (2014). Fattig i fjar - fattig i år? Tilstandsavhengighet i innvandrerfattigdom. *Søkelys på arbeidslivet*, 31(03), 209–228.

#### **Kvar fant du informasjonen?**

Artikkelen fant eg gjennom systematisk metodesøk i søkemotoren Idunn. Det vart nytta relevante søkeord i søkeret.

#### **Korleis kom forfattarane fram til konklusjonene?**

Data som er nytta i denne forskinga er henta frå fleire registerbaserte statistikkar som er utarbeida av statistisk sentralbyrå (SSB), og dekker heile den busette populasjonen i Norge frå 1993 til 2011. Den metodiske tilnærminga er gjort godt, og det er oversikteleg arbeid. Det er gjort greie for sentrale omgrep, og tenkinga verkar logisk og forståeleg.

#### **Når blei det skreve?**

Artikkelen er publisert i 2014, og er basert på data frå 1993 til 2011. Dette er relativt gammalt datamaterialet. Men sidan det er ein studie som forskar på utviklinga over ein tidsperiode på nesten 20 år, så meiner eg at den har god overføringsverdi.

#### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

Artikkelen er fagfellevurdert og er ein analyse av statistikk frå ein tidsperiode på nesten 20 år. Hovudfunna i artikkelen er at tilstandsavhengighet hjå innvandrarar eg betydeleg høgare enn hjå den øvrige befolkninga, noko som bidreg til å forsterka den vedvarande fattigdommen hjå innvandrarane.

**Kven har skreve dette?**

Artikkelen er skreve av Manudeep Bhuller og Eirik Eylands Brandsås. Dei har relevant utdanning til tema, og dei er anerkjente forskarar.

**Kvifor har det blitt skreve?**

Informasjonen er retta mot fagfolk, og målet er å undersøke om vedvarende fattigdom forsterkes av tilstandsavhengighet. Det står ikkje kven som har finansiert forskinga, men Manudeep Bhuller er tilsett som forskar ved SSB.

#### **Artikkelen nr 4**

Seeberg, M. L. (2017). Alt er relativt: Ytelser til barnefamilier i norske asylmottak, 1989-2017.

*Tidsskrift for Velferdsforskning*, 20(4), 268–285. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-02>

#### **Kvar fant du informasjonen?**

Artikkelen fant eg gjennom systematisk metodesøk i søkemotoren Idunn. Det vart nytta relevante søkeord i søkeret.

#### **Korleis kom forfattarane fram til konklusjonane?**

Forfattaren har innhenta dokument frå UDI, samt nytta andre kjelder som eg ser på som påliteleg. Metoden ser ut til å vere godt forklart og det er enkelt å sjå kva som har vorte gjort. Funna som er presentert kjem fram på ein logisk og forståeleg måte.

#### **Når blei det skreve?**

Artikkelen er publisert i 2017, og forskinga er frå tidsrommet 1989 til 2017. Det vil seie at artikkelen gir eit godt bilet av utviklinga over tid, samt eit rimeleg oppdatert bilet av korleis forholda er no.

#### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

Dette er ein dokumentanalyse av diverse dokument frå UDI, samt ein NOU. Dokumenta syner «pengereglementet» si historiske utvikling, samt grunngjeving for ytingane.

Hovudresultata i studien er barna som veks opp på asylmottak lever under svært fattige kå, med reduksjon i kjøpekrafta på 20% i tidsrommet for studien.

**Kven har skreve dette?**

Artikkelen er skreve av Marie Louise Seeberg, som er forskar i NOVA. Ho er anerkjent innafor sitt fagfelt sosialantropologi, med migrasjonsforsking som spesialfelt.

**Kvifor har det blitt skreve?**

Den har blitt skreve fordi det ikkje finnes studier av langsiktige konsekvenser av fattigdom for barn og unge i asylmottak. Den forskinga som har blitt gjort fra før er styrt av politiske behov for tiltaksretta kunnskap, og dermed kan det ha overskygga dei langsiktige konsekvensene.

### **Artikkelen nr 5**

Kindt, M. T. (2017). Innvandrerdrev eller middelklassedrev? *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 1(1), 71–86. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2017-01-05>

#### **Kvar fant du informasjonen?**

Artikkelen fant eg gjennom systematisk metodesøk i søkemotoren Oria. Det vart nytta relevante søkeord i søkeret.

#### **Korleis kom forfattarane fram til konklusjonene?**

Metoden er dybdeintervju med 28 etterkommera av innvandrara som har starta på prestisjefylte utdanningsløp. Det er gjort godt greie for metoden, samt vore kildekritisk ved å gjere greie for svake sider ved den. Forfattaren har også skreve om det analytiske rammeverket ho hat nytta i analysen, noko som gjer at det framstår som både logisk og forståeleg.

#### **Når blei det skreve?**

Artikkelen er skreve i 2017, intervjeta er gjennomført i 2013 og 2014. Det er i utgangspunktet data som er litt eldre enn eg kunne tenkt meg, men sidan det er dybdeintervju så peikar det på individuelle historier og ikkje på store trekk i samfunnet. Eg vil difor seie at studien er relevant å nytte i min studie.

#### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

Dette er ein kvalitativ studie med dybdeintervju av 28 unge. Det er to hovudfunn i studien. Det første er at etterkommera som opplever sin eigen klassevakgrunn som høgare enn deira sosioøkonomiske plassering i Norge, opplever også at foreldra sin involvering minna om

## Vedlegg 2 Skjema for kritisk vurdering av artiklane

«middelklasseadferd». Det andre er at ressursane som er i det etniske nettverket (etnisk kapital) kan bety meir for etterkommera med foreldre som hadde «låg status» i heimlandet.

### Kven har skreve dette?

Artikkelen er skreve av Marianne Takvam Kindt. Ho har relevant utdanningsbakgrunn, og er forskar hjå FAFO.

### Kvífor har det blitt skreve?

Artikkelen er retta mot fagfolk, og målet er å sjå korleis forståinga av familien sin sosiale status gjer seg gjeldande i den utdanningsfremmande åtferda.

## **Artikkelen nr 6**

Leirvik, M. S. (2016). Medaljens bakside»: Omkostninger av etnisk kapital for utdanning.  
*Tidsskrift for samfunnsforskning*, 2, 167–198.

### **Kvar fant du informasjonen?**

Denne artikkelen fant eg gjennom handsøk i litteraturlister. Eg fant denne i litteraturlista til artikkelen nr 5 *Innvandrerdrev eller middelklassedrev?*.

### **Korleis kom forfattarane fram til konklusjonane?**

Metoden som har vorte nytta i denne artikkelen er intervju med unge vaksne med innvandrarforeldre frå Pakistan og India, samt intervju med minoritetsrådgivarar på vidaregåande skular. Det er gjort godt greie for framgangsmåten i intervjuet. Ho presentera funna ved å løfte fram to av forteljingane, desse er ikkje typisk for utvalet, ho grunngir valet med at ho ønsker å sette forskingspørsmåla meir på spissen. Denne prioriteringa verkar logisk.

### **Når blei det skreve?**

Artikkelen er publisert i 2016. intervjuet med minoritetsrådgivarane er gjennomført i 2011, medan intervjuet med dei 23 unge vaksne vart samla inn i 2006-2007. Dette er i utgangspunktet data som er eldre enn det eg kunne tenkt meg å nytte. Men eg har ikkje klart å finne nyare studiar som fokusera på sjølvopplevd sosioøkonomisk bakgrunn sett opp mot det objektive sosioøkonomiske plasseringa i Norge. Difor er den likevel relevant å nytte.

### **Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?**

## Vedlegg 2 Skjema for kritisk vurdering av artiklane

Dette er ein kvalitativ studie, med intervju som metode. Hovudfunna artikkelen peikar på er at sjølv om etnisk kapital kan forklare utdanningsdrivet, kan det også ha negative innverknad på læring, skuleresultat og framtidig suksess i utdanningssystemet.

### Kven har skreve dette?

Artikkelen er skreve av Mariann Stærkebye Leirvik, ho har relevant utdanningsbakgrunn og verkar som ei påliteleg kjelde.

### Kvífor har det blitt skreve?

Artikkelen er retta mot fagfolk. Tidlegare forskning har fokusert på etnisk kapital som kompanserande for manglande økonomisk og kulturell kapital, medan denne forskinga har som mål å finne ut kva omkostningar etnisk kapital kan ha på andre områder enn utdanning.



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve

BSV5-300

### Predefinert informasjon

Startdato:	10-05-2021 14:42	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	19-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve		
Flowkode:	203 BSV5-300 1 BO 2021 VÅR		
Intern sensor:	Inger Johanne Solheim		

### Deltaker

Kandidatnr.:	269
--------------	-----

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	7926	Egenerklæring *:	Ja	Jeg bekrefter at jeg har <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> registrert <input type="checkbox"/> oppgavetittelen på <input type="checkbox"/> norsk og engelsk i <input type="checkbox"/> StudentWeb og vet at <input type="checkbox"/> denne vil stå på <input type="checkbox"/> utnemålet mitt *:
---------------	------	------------------	----	--

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei